

---

# Internt notat

---

Til:

Kopi til:

Saksbehandler: Rune Lothe  
Vår referanse: 22/1048 - 3 / RL / 003  
Dato: 16. november 2022

---

## Emne: Innspel til høyringsvar arkivutgreiinga i Vestland

### Høyringsvar:

Vi viser til brev datert 11.11.22 der Vestland fylkeskommune ber om høyringsinnspel på ei framtidig arkivorganisering i Vestland og det tilrådde framlegget, K5-kombinasjonskonseptet.

Utgreiinga er slik vi les det, gjort i kraft av Vestland fylkeskommune si regionale rolle og samanslåinga av dei to fylka. Det er fyrst og fremst Vestland fylkeskommune sine utfordringar som skal løysast. Utfordringar som andre kommunar i Vestland fylke har i høve arkivering, kjem i andre rekke.

Slik vi les rapporten og det tilrådde framlegget K5-kombinasjonskonseptet, vert det føreslått at:

1. Vestland fylkeskommune avklarar si interne arkivdrift, roller, ansvar, oppgåver og etterslep i eige arkivarbeid.
2. Vestland fylkeskommune går gjennom og greier ut eigarskap, økonomi og verksemdsstyringa av det kommunale oppgåvefellesskapet.
3. Vestland fylkeskommune avklarar si rolle som regional aktør på arkivfeltet i Vestland.
4. Vestland fylkeskommune tek initiativ til å etablere Vestlandsarkivet – ein ny institusjon som samlar mest mogeleg arkivarbeidet i Vestland.

### Fylke si eiga arkivdrift og forholdet til oppgåvefellesskapet

Interne forhold om Vestland fylkeskommune si arkivdrift og økonomisk gjennomgang avtalar med samarbeidskommunane i oppgåvefellesskapet ynskjer ikkje NN kommune å gje uttale på.

Fylkeskommunen må sjølv ordne opp i eiga arkivdrift, avtalar dei har med oppgåvefellesskapet samt verksemdsstyringa av samarbeidet. Fylkeskommunen må ta initiativ til at dette i framtida er i tråd med gjeldande regelverk og prinsipp for god verksemdsstyring.

### Fylkeskommunen si regionale rolle

Når det gjeld fylkeskommunen si regionale rolle på arkivfeltet, bør innhaldet i denne rolla og konsekvensar for oss som kommune greiast ut ytterlegare.

NN kommune meiner at den gjeldande samarbeidsavtala kring privatarkiv som er gjort mellom arkivinstitusjonane i tidlegare Hordaland, samt bevaringsplanen for privatarkiv for Vestland som region, som er under utarbeiding, bør leggjast til grunn for utgreiinga.

### **Vestlandsarkivet**

Når det gjeld etablering av Vestlandsarkivet, gjev ikkje Menon rapporten noko oversyn over val av samarbeidsform etter kommunelova, behovet for arkivtenester, kva tenester som vert tilbydd, kva dette vil koste eller kva gevinstar det vil gje for NN kommune.

Menon rapporten seier at ei etablering av Vestlandsarkivet ikkje er realistisk på kort til mellomlang sikt og at etableringa av ein ny organisasjon vil medføre svært store omstillingskostnader. Rapporten skildrar inga klår oppside for NN kommune.

Då NN kommune og er eigar av Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS, vert det feil å uttale oss meir om etablering av ein ny konkurrerande institusjon.